

Til ordfører Jon Askeland

Rådmann Jarle Landås

Rektor Trine M. Jansen

Kommunalsjef Oppvekst Olaf M. Hella

Austmarka, 04.06.19

Innspel frå FAU ved Sæbø skule knytt til nedlegging av kantineordning ved Sæbø skule

FAU ved Sæbø skule vart orientert av rektor på FAU-møte 29.april om at kantineordning vil verte lagt ned frå hausten 2019. Bakgrunn til nedlegging er budsjett for neste skuleår, og at denne ordninga ikkje er ei lovpålagt ordning.

Dette vart også orientert om i SU/ SMU den 2.mai. I dette møtet drøfta ein saka, og ordfører som var representant for skuleigar skulle ta med seg innspel til Formanskapet. Ein har ikkje høyrte noko frå Formanskap i etterkant av deira møte.

FAU ved Sæbø skule vil seie noko om saka:

- Denne ordninga har vore ei god ordning, og FAU samla er usamde i at den vert lagt ned. Vi kan ikkje sjå at det har blitt gjort forsøk på at ein har prøvd å sjå på andre måtar å drifte den på, og vi ynskjer sterkt at dette blir vurdert
- Det er eit godt tilbod for ungane å sitte ned saman og ete eit felles måltid saman. Sæbø skule er eit førebilete for andre skular i regionen og i resten av landet når det gjeld å ha ei vellykka kantinedrift.
- Det er svært få elever /føresette som seier nei takk til denne ordninga.
- FAU er redd for at det gode arbeidet skulen har lagt ned vert forgjeves når ein ikkje lenger har det felles måltidet å samles rundt. Ein sit ved aldersblanda bord, ein har ulike oppgåver og roller, og vi veit at skulen har utarbeida gode rutiner for dette.
- Ein bygger god sosial kompetanse ved å prioritere denne ordninga på skulen, noko som også vil merkes på læringsutbyttet til elevane.
- Å sitte ved eit bord kvar dag og ha gode samtalar med medelever og dei vaksne på skulen, er ein viktig del i å delta i eit fellesskap og utvikle seg. Dette er særskilt viktig i og med at skulen deler småskulen og storskulen store deler av dagen. Her får ein aldersspredning, og det betyr mykje for eit godt læringsmiljø.
- Å ha lik mat bryt ned sosiale forskjeller, og ein har eit felles og likeverdig utgangspunkt for opplæring

- Det fokuset skulen har hatt på sunn og god mat i desse måltida, har vore svært positivt.

FAU ynskjer å presisere at det vil vere eit tap for skulen at denne ordninga ikkje skal eksistere frå hausten. Vi ynskjer at kommunen ser på mulege løysingar knytt til å kunne oppretthalde vidare drift.

Kan ikkje Sæbø skule vere eit flaggskip inn i nye Alver når det gjeld det å sjå breitt på korleis ein skule kan arbeide inn mot kva kompetanse våre born skal tileigne seg?

Vi anser at å legge ned denne ordninga er ein tilbakegang i utvikling for Sæbø skule, og er skuffa over at ein ikkje prioriterer å videreføre dette inn i den nye kommunen. Dette gjer skulen vår attraktiv i ei tid der valgmuligheter auker, og ein må oppretthalde det som har vist seg å vere eit godt tiltak både for arbeid med sosial kompetanse og læringsutbyttet til elevane.

Dette er ei ordning alle er stolte av på skulen vår!

Vi ber om ei tilbakemelding på dette innspelet og deltek gjerne om ein ynskjer fleire innspel.

Med venleg helsing

FAU ved Sæbø skule